



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møteprotokoll

Utval: Ungdommens fylkesting
Møtestad: Rica Parken Hotel Ålesund
Dato: 11. – 13.11.2011

Ungdommens fylkesting:

Delegat

nr.	Kommune	Fornamn	Etternamn
1	Aure	Kamilla	Hannasvik
2	Aure	Ingrid Elise	Vassvik
3	Averøy	Julia	Grødahl
4	Averøy	Syver	Flem
7	Eide	Ragnhild	Brovold
8	Eide	Håkon	Storvik
9	Fræna	Knut	Gjendem Fjørtoft
10	Fræna	Mariya	Hayday
11	Giske	Sarah Malen	Giskegjerde
12	Giske	Jon Åge	Giske Andersen
13	Gjemnes	Martine Næss	Sorthe
14	Gjemnes	Lill-Ann	Pettersen
15	Halsa	Elin Anita	Kvisvik
16	Halsa	Olav Kåre	Dønheim
17	Haram	Beata	Farstad
18	Haram	Ane	Buner
5	Herøy	Mathias	Dybvik
6	Herøy	Mari	Paulsen Dalsbø
19	Kristiansund	Inge	Slettan Ulvund
20	Kristiansund	Astrid	Willa Eide Hoem
21	Midsund	Simon	Sandnes Midtbø
22	Midsund	Nora	Blø
23	Molde	Sjur August	Waagbø
24	Molde	Solveig	Buvik
25	Neset	Vibeke	Remmen
26	Neset	Anna	Frydenlund
27	Norddal	Lakshan	Ravi
28	Norddal	Rebekka	Strandmann Hanssen
31	Rauma	Peder	Gjerstad

32	Rauma	Ragnhild	Larshus
29	Rindal	Hege	Norli
30	Rindal	Jo	Trønsdal Bævre
33	Sande	Ingvild Auflem	Vik
34	Sande	Hans Kristian	Frågodt
42	Sandøy	Åse Kristin Ask	Bakke
41	Sandøy	June Katrin Strand	Husøy
35	Skodje	Stine Krogsæter	Giske
36	Skodje	Ellen Marie Stette	Stenseth
37	Smøla	Marcus	Svenning
38	Smøla	Cathrine	Gundersen
45	Stordal	Helga Løset	Skodjereite
46	Stordal	Jarl Anders	Hjelle
39	Sula	Karoline	Jørgensen
40	Sula	Sunniva	Salen Sandvik
43	Surnadal	Sondre Marit Henriette	Ormset
44	Surnadal	Mo	Sandberg
74	Sykkylven	Sandra	Halbrend Ulla
73	Sykkylven	Arnt Åge	Jørgensen
47	Tingvoll	Thor	Rabben
75	Tingvoll	Marius	Eliassen
48	Ulstein	Ruben	Voldsund
49	Ulstein	Elfrida	Breivik
50	Vanylven	Vilde Nielsen	Ruud
76	Vanylven	Tor Øystein	Hoddevik
52	Vestnes	Georg	Michaelis
53	Vestnes	Therese	Kjersem
54	Volda	Anne Margrete	Egset
55	Volda	Anika Karen S.	Aarflot
56	Ørskog	Ramona	Breivik
57	Ørskog	Kristian	Björdal
58	Ørsta	Lene	Mo Flataker
59	Ørsta	Jonas	Bjørneset
60	Ålesund	Mona	Tatou
61	Ålesund	Torgeir	Vestre

Ungdomspanelet:**Namn****Delegat nr.**

62	Ida Andrine	Heggset
63	Hanne	Stokke
64	Jenny	Venås
65	Janne-Katrin	Hansen Sævik
66	Daniel	Haavardsen-Bråttvik
67	Sondre	Digernes
68	Grethe	Ranheim
69	Asgeir	Stavik Hustad
70	Stine	Edwardsen Hellesfjord
71	Sindre	Holberg
72	Lars Henrik	Baarset

Utsettingar frå fylkestinget:**Namn**

Hege Merethe Gagnat	Ap
Ole Bjørn Sandøy	H

Innleiarar:**Namn****Stilling**

Jon Aasen	Fylkesordførar
Heidi –Iren Wedlog Olsen	Ass. fylkesplansjef
Monica Molvær	Elev- og lærlingombod
Ingeborg Midtflå Sørvik	Rådgivar Statens vegvesen
Marit Seljeseth Stokke	Prosjektleiar og lærar ved Romsdal vgs.

Observatørar:**Namn****Stilling**

Sondre Leivdal	Sogn og Fjordane, UFT
Benjamin Heimset	Sogn og Fjordane, UFT
Mads Drågåsoien	Sør Trøndelag, UFU
Antonie Braa	Sør Trøndelag, UFU
Helge Orten	Fylkestingspolitikar, H
Per Jan Vinje	Ålesund kommune
Mona-Grethe Ryssevik	Herøy kommune
Laila Skaret	Smøla kommune

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Kari Rundmo	Konsulent
Mari Anne Bjørkmann	Rådgivar
Kristin Glæstad Vonheim	Rådgivar
David Naas Heim	IT-avd.
Jørgen Ask Bakke	Nattevakt
Roy Andre Haugen	Nattevakt
Anne Berit Svenkerud Halle	Rådgivar

Møteleiarar:

Namn	Stilling
Monica Molvær	Elev-og lærlingombud
Vetle Wang Soleim	Tidl. nestleiar i UP

Sekretariat:

Namn	Stilling
Ingunn Bækken Sjøholm	Seksjonsleiar

Dersom det er merknader til protokollen, ber vi om at dette blir gjort kjent for koordinator for UFT så snart som råd.

Fredag 11.11.11

UFT sitt møte tok til kl. 14.30 i konferansesalen på Rica Parken hotell i Ålesund. Leiar i ungdomspanelet (UP) Ida Andrine Heggset ønska velkomen, og gav ordet til fylkesordførar Jon Aasen, som held ei opningstale.

Kl 14.50 heldt fylkestingspolitikar Hege Gagnat (A) foredraget "Kvifor gidd du? At du orkar!". Foredraget handla om kva som motiverte ho til å bli engasjert, ho viste til ulike arenaer for medverking, og peika på at likegyldigheit, å ikkje bry seg, og å ta alle goda for gitt, er ein trussel mot demokratiet.

Kl 16.40 heldt elev- og lærlingombud Monica Molvær foredrag om møte- og taleteknikk. Ho orineterte også om stemmekorta og korleis ein skal gå fram for å ta ordet på UFT.

Delegatane i UFT vart så delt inn i grupper, og det vart gjennomført ulike "Bli kjent-aktivitetar".

Kl 17.00 orienterte ass. fylkesplansjef Heidi-Iren Wedlog Olsen om Regional planstrategi. Heidi-Iren viste til kva dette dokumentet inneheld, og gikk gjennom det som fylkeskommunen oppfattar som dei største utfordringane for Møre og Romsdal i åra som kjem.

UP minna om at den som ønskjer å stille til val som medlem i UP må levere inn skjema om dette innan kl 14.00 på laurdag.

Kl 18.15 orienterte medlemmer frå UP om kva som er rolla og oppgåvene til UFT og UP.

Konstitueringa av UFT starta kl 18.30. Møtet vart sett med 62 delegatar til stades. ⁵

Saksnr	Innhald
UFT-1/11	Konstituering
UFT-2/11	Val av redaksjonskomitear
UFT-3/11	Kva framtid ønskjer du deg for Møre og Romsdal? Gruppeoppgåve i samband med høyring om Regional planstrategi 2012 - 2016.
UFT-4/11	Årsrapportar: Ungdomspanelet og Elev- og lærlingombodet
UFT-5/11	Rusmanifest 2011
UFT-6/11	Omsyn til mjuke trafikantar i samband med vegprosjekt.
UFT-7/11	Politikk i skolen
UFT-8/11	Målform i Møre og Romsdal fylkeskommune
UFT-9/11	Økonomiplan 2012-2015 med budsjett for 2012
UFT-10/11	Kulturrabatt - rabatt på kulturopplevingar for ungdom
UFT-11/11	Handlingsprogram for Ungdomspanelet
UFT-12/11	Årets ungdomskommune 2011
UFT-13/11	Val av ungdomspanel 2011
UFT-14/11	Hurtigtog Oslo-Ålesund
UFT-15/11	Fagskoletilbodet i Møre og Romsdal
UFT-16/11	Møre og Romsdal – eit fairtrade-fylke
UFT-17/11	Rutebuss gjennom Halså

1-11 Konstituering

Vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

- a) Godkjenning av innkalling.
Innkallinga vart samrøystes godkjent utan merknader.
- b) Val av møteleiarar.
Monica Molvær og Vetle Wang Soleim vart valde til møteleiarar ved akklamasjon.
- c) Val av protokollførar.

Ingunn Bekken Sjøholm vart vald til protokollfører ved akklamasjon.

d) Val av protokollunderskrivarar.

Delegatane Julia Grødahl (Averøy) og Arnt Åge Jørgensen (Sykkylven) vart samrøystes valde til å skrive under protokollen.

e) Val av valnemnd.

Ida A. Heggset (UP), Hanne Stokke (UP), Peder Gjerstad (Rauma), Sjur August Waagbø (Molde) og Kari Rundmo (administrasjonen) vart samrøystes valde til å sitte i valnemnda.

f) Godkjenning av forretningsordenen.

Møteleiarane gikk gjennom UP sitt forslag til forretningorden.

Stine E. Hellesfjord (UP) fremma forslag om tillegg til punkt 10:

"Stemmetal ved personval skal ikkje offentleggjerast av møteleiar eller først i protokollen".

Votering:

Det vart først votert over tilleggsforslaget. Det vart vedtatt mot ei stemme.

Deretter vart heile forretningsordenen med tilleggsforslaget samrøystes vedtatt.

g) Godkjenning av sakliste.

Møteleiarane gikk gjennom saklista.

Stine E. Hellesfjord (UP) fremma forslag om ny sak på saklista: "UFT-14/11. Hurtigtog Oslo-Ålesund".

Sindre Holberg (UP) fremma forslag om ny sak: "Fagskolesatsinga i Møre og Romsdal".

Astrid Willa Eide Hoem (Kristiansund) fremma forslag om ny sak: "Møre og Romsdal – eit fairtrade-fylke".

Votering:

Forslaget frå Hellesfjord: 4 stemte imot, 15 avsto frå å stemme, 43 stemte for. Med dette vart saka om hurtigtog vedtatt sett på saklista med saksnummer UFT-14/11.

Forslaget frå Holberg: Saka om fagskoletilbodet i Møre og Romsdal vart samrøystes vedtatt inn på saklista med saksnummer UFT-15/11.

Etter spørsmål frå salen orienterte Hoem om kva fairtrade er, deretter vart det votert over forslaget hennar. 3 stemte imot, 7 avsto frå å stemme og 52 stemte for. Med det vart saka om Møre og Romsdal som fairtrade-fylke sett på saklista med saksnummer UFT-16/11.

Møteleiarane foreslo endring i rekkefølge på saklista på bakgrunn av dei nye sakene som kom til. Forslaget om å ta dei nye sakene før UFT-11/11 vart samrøystes vedtatt.

Heile saklista med dei vedtatte tillegg vart så samrøystes vedtatt.

h) Val av teljekorps.

Ordstyrarane viste til tradisjonen med at UP - med unntak av leiaren - er teljekorps.

UFT valte å følgje dette, og UP med unntak av Ida A. Heggset, vart samrøystes valde til teljekorps.

2-11 Val av redaksjonskomitear

Behandling i Ungdommens fylkesting:

UP la fram forslag til følgjande samansetting av redaksjonskomiteane:

Høyringsuttalen til Regional planstrategi: Asgeir S. Hustad (UP), Sondre Digernes (UP), Hege Norli (Rindal) og Lakshan Ravi (Norddal).

Andre saker: Sindre Holberg (UP), Jenny Venås (UP), Astrid W.E. Hoem (Kristiansund) og Marcus Svenning (Smøla).

Samrøystes vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

Høyringsuttalen til Regional planstrategi: Asgeir S. Hustad (UP), Sondre Digernes (UP), Hege Norli (Rindal) og Lakshan Ravi (Norddal).

Andre saker: Sindre Holberg (UP), Jenny Venås (UP), Astrid W.E. Hoem (Kristiansund) og Marcus Svenning (Smøla).

Møtet vart heva kl 18.45.

Møtet tok til att kl 20.00 med Open runde. Alle delegatane fortalte kort kva som er bra og dårleg med Ungdomsrådet (eller tilsvarande organ) i sin kommune.

Kl 21.00 var det paneldebatt – Spør ein polititar! Paneldeltakarane var: Line Hoem (A), Ole Bjørn Sandøy (H), Steffen Falkevik (V) og Anders Lindbeck (SV).

Møtet haldt fram med Open runde kl 22.15.

Møtet slutt kl 22.30.

Laurdag 12.11.11

Møtet opna igjen kl 09.00 laurdag 12. november. Møtet starta med gruppearbeid i samband med høyringsuttalen til Regional planstrategi 2012-2016. Ass. fylkesplansjef Heidi-Iren Wedlog Olsen introduserte oppgåvene:

- Kva er dei tre mest sentrale utfordringane for Møre og Romsdal?
- Draumesamfunnet Møre og Romsdal - korleis ser det ut? Tenk 8 til 12 år fram i tid og lag tre ulike visjonar for framtida:
 - o Kva skal vi leve av?
 - o Kva skal vi leve for?
 - o Korleis ønskjer vi at folketalet skal utvikle seg?
- Kva vil vere viktige tiltak å prioritere i dei komande fire år (2013-2016) for at vi skal kunne bu i draumesamfunnet om 8-12 år?

Kl 11.00 starta saksbehandlinga. 65 med røysterett var no til stades.

Ordstyrarane viste til kommunelova si bestemming om representantanes plikter (§ 40 ledd 2), der det går fram at medlemmer i et fylkeskommunalt folkevalt organ plikter å avgi stemme. Dei fremma på bakgrunn av dette eit nytt punkt til forretningsordenen: "Det er ikkje lov å stemme blankt eller å avstå frå å stemme". Dette vart samrøystes vedtatt.

Ordstyrarane forslo også følgjande tillegg til forretningsordenen: "Det er muleg å be om ei prøvovotering før strek er satt i ei sak". Dette vart vedtatt mot 4 stemmer.

Delagatane Elin Anita Kvisvik og Olav Kåre Dønheim frå Halså kommune bad om å få ei ny sak sett på dagsorden: "UFT-17/11: Rutebuss gjennom Halså". Mot 13 stemmer vart saka vedtatt sett på saklista.

Kl 11.30. held rådgivar i Statens vegvesen Ingeborg Midtflå Sørvik foredraget "Trafikktryggleik – eit felles ansvar!".

Kl 12.00 vart delegatane delt i grupper og gjorde ein innsats for trafikktryggingarbeidet i fylket ved å dele ut refleksar på utvalde stader i Ålesund Sentrum.

Delegatane var inne igjen kl 13.00 og gikk til lunch.

Møtet starta opp att kl 13.50. 65 med røysterett var til stades.

5-11 Rusmanifest 2011

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Saka vart innleia med eit foredrag av lærar og prosjektleiar ved Romsdal vidaregåande skole Marit Seljeseth Stokke. Ho snakka om sine erfaringar frå rusarbeidet og om prosjektet Ungdom til Ungdom.

Delegat Inge Slettan Ulvund (Kristiansund) fremma tilleggsforslag til punkt 4: "...og personar som har erfaring". Han fremma også endringsforslag til punkt 5, der han foreslo at "årleg" blir skifta ut med "ofte".

Delegat Martine Næss Sorthe (Gjemnes) fremma forslag om å legge MOT-satsinga til alle skolar.

Asgeir S. Hustad (UP) fremma følgjande tilleggsforslag til punkt 1: "andre" inn før "ulovlege rusmidlar."

Delegat Martine Næss Sorthe (Gjemnes) trakk forslaget sitt etter råd frå ordstyrar om å heller ta dette inn i UP sitt handlingsprogram.

64 med røysterett var no til stades i salen.

Votering:

Forslaget frå Ulvund om tillegg i punkt 4 vart vedtatt mot 7 stemmer.

Forslaget frå Ulvund om endring i punkt 5 vart vedtatt mot 10 stemmer.

Forslaget frå Hustad om tillegg i punkt 1 vart samrøystes vedtatt.

Vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

- Ungdommens fylkesting (UFT) tar klar avstand frå all bruk av narkotika og andre ulovlege rusmidlar blant ungdom i Møre og Romsdal.
- UFT ønskjer spesielt fokus på kunnskap om skadeverknader rusmidlane gir, slik at ungdommen skal vere betre rusta mot utfordringar i kvardagen.
- UFT ønskjer at det førebyggjande informasjonsarbeidet startar allereie i barneskolen. Informasjonen bør vere tilpassa klassetrinna, lokalmiljøet og aktuelle problemstillingar. Det er svært viktig at informasjonsarbeidet blir utført av personar med oppdatert kunnskap om fagfeltet og lokalsamfunnet.
- Vi ønskjer at alt arbeid skal bli gjort i samarbeid med aktuelle organisasjonar, fagpersonell og andre som har erfaring.
- Det er viktig at informasjonen vidareførast ofte med oppdatert informasjon.
- UFT ønskjer strengare reaksjonar ovanfor omsetning, vidareformidling eller forsyning av alkohol til mindreårige. Vi ønskjer også hyppigare kontroll av bedrifter som sel rusmidler.
- Vi ønskjer at kommunane skal leggje opp til eit spreidd tilbod innan fritidsaktivitetar, som gjenspeglar interesser og trendar mellom ungdommane, og som skapar positive haldningar til ei sunn utvikling av lokalsamfunnet.
- UFT ser på "Helsestasjonen for ungdom" og organisasjonar som motarbeider rus som eit viktig tiltak i arbeidet. Vi ser det som viktig å kunne tilby god tilgjenge og kunnskap, for at alle ungdommar i Møre og Romsdal skal kunne dra nytte av dette tilbodet.

16-11 Møre og Romsdal - eit fairtrade-fylke

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Delegat Astrid W.E. Hoem (Kristiansund) fremma følgjande forslag til uttale frå UFT:

"Fairtrade er ein internasjonal non-profit organisasjon som jobbar for ei merkeordning der det blir sett krav til arbeidskår ved produksjon av råvarer. Fairtrade fører til at arbeidarane i Sør får større innverknad på sin eigen arbeidskvardag. UFT ønskjer at Møre og Romsdal fylkeskommune skal arbeide aktivt for å bli eit fairtrade-fylke. Vi viser til den positive erfaringa som Rogaland og Østfold fylkeskommunar har gjort, som begge er fairtrade-fylke.

UFT ønskjer:

- At Møre og Romsdal fylkeskommune skal jobbe aktivt for å bli eit fairtrade-fylke
- At Møre og Romsdal fylkeskommune skal oppfordre alle kommunane i fylket til å bli fairtrade-kommunar.
- At Møre og Romsdal fylkeskommune skal vise til og lære av erfaringane til Østfold og Rogaland fylkeskommunar"

62 delegatar med røysterett til stades.

Votering:

Forslag til uttale frå Hoem vart vedtatt mot 2 stemmer.

Vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

Fairtrade er ein internasjonal non-profit organisasjon som jobbar for ei merkeordning der det blir sett krav til arbeidskår ved produksjon av råvarer. Fairtrade fører til at arbeidarane i Sør får større innverknad på sin eigen arbeidskvardag. UFT ønskjer at Møre og Romsdal fylkeskommune skal arbeide aktivt for å bli eit fairtrade-fylke. Vi viser til den positive erfaringa som Rogaland og Østfold fylkeskommunar har gjort, som begge er fairtrade-fylke.

UFT ønskjer:

- At Møre og Romsdal fylkeskommune skal jobbe aktivt for å bli eit fairtrade-fylke
- At Møre og Romsdal fylkeskommune skal oppfordre alle kommunane i fylket til å bli fairtrade-kommunar.
- At Møre og Romsdal fylkeskommune skal vise til og lære av erfaringane til Østfold og Rogaland fylkekommunar.

6-11 Omsyn til mjuke trafikantar i samband med vegprosjekt

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Delegat Inge S. Ulvund (Kristiansund) fremma følgjande tilleggsforslag:
 "UFT ønskjer å redusere talet på bommar i Møre og Romsdal med tanke på pendlarar og andre personar som har ein by som sitt kulturelle sentrum. Vi ønskjer også å gi bekjend til staten om at Møre og Romsdal ønskjer auka satsing på veg over heile landet".

Ida A. Heggset (UP) fremma følgjande forslag til vedtak:
 "Dette er ei viktig sak for ungdommen i fylket vårt. UFT vil derfor sette dette på handlingsprogrammet til UP for neste periode, og at UP skal stå på for å vere eit talerør både for ungdommen og resten av dei mjuke trafikantane i fylket vårt."

61 delegater med røysterett i salen.

Votering:

Forslaget frå Ulvund: Fekk 13 stemmer og falt.

61 delegater med røysterett i salen.

Forslaget frå Heggset: Vedtatt mot 2 stemmer.

Vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

Dette er ei viktig sak for ungdommen i fylket vårt. UFT vil derfor sette dette på handlingsprogrammet til UP for neste periode, og at UP skal stå på for å vere eit talerør både for ungdommen og resten av dei mjuke trafikantane i fylket vårt.

7-11 Politikk i skolen

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Ungdomspanelet orienterte om saka.

Ole Bjørn Sandøy (utsending frå fylkestinget) bad om å få komme med ei saksopplysning. Dette vart godkjent av UFT. Sandøy fortalte at fylkestingspolitikarane på bakgrunn av Ungdommens spørjetime i oktober allereie har starta oppfølginga av denne saka. Det er bestilt ei utgreiing frå administrasjonen til møtet i utdanningsutvalet i februar. Der skal ein m.a. vurdere handlingsrommet og finne fram til døme på korleis dette kan gjerast.

Ordstyrarane opplyste om at redaksjonskomiteen ville utforme forslag til vedtak, og at dette ville bli votert over på søndag.

Ordstyrarane fremma forslag om at innlegga skulle vere maks 2 minutt og replikka maks 1 minutt. Dette vart samrøystes godkjent.

Behandling søndag:

Redaksjonskomiteen hadde delt ut sitt forslag til vedtak.

Ordstyrar viste til ei redaksjonell endring i linje 3, der setninga "Vi ønskjer derfor at utdanningsutvalet og fylkestinget ser på følgjande tiltak:" blir endra til: "Vi ønskjer derfor at kommunale, regionale og nasjonale myndigheiter ser på følgjande tiltak:"

61 med røysterett til stades.

Votering:

Heile forslaget vart samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

Ungdommens Fylkesting(UFT) meiner det er viktig å få inn meir politikk i skolen. Dette trur vi vil føre til auka engasjement, kunnskap om samfunnet og valdeltaking. Vi ønskjer derfor at kommunale, regionale og nasjonale myndigheiter ser på følgjande tiltak:

- Innføre valtorv som ei fast årleg hending, med debatt i valåra.
- Oppretthalde og styrke elev- og klasseråda, samt klassens time. Dette gjeld både grunnskole og vidaregåande skole.
- Få politikk tidlegare inn i skolen, allereie i barneskolen.
- Ta inn meir ekstern kompetanse i undervisninga.
- Auke timetalet på kompetansemålet «Individet i demokratiet»
- Styrke kompetansen blant lærarane.

Ungdommens fylkesting stiller seg bak uttalen som er vedlagt.

Saka «få meir politikk inn i skolen» blir tatt inn i handlingsprogrammet til ungdomspanelet for 2011/2012.

Ungdommens fylkesting ønskjer at ungdomspanelet bringer saka vidare til Ungdommens nasjonalforsamling og Nasjonalt ungdomspanel.

8-11 Målform i Møre og Romsdal fylkeskommune

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Ungdomspanelet orienterte om saka.

Seksjonsleiar Ingunn Bekken Sjøholm fekk komme med ei saksopplysning. Ho orienterte om bestemmingar i mållova.

Ungdomspanelet fremma følgjande forslag til vedtak:
"UFT vil at UP skal delta i debatten når saka blir tatt opp på det ordinære fylkestinget."

Delegat Inge S. Ulvund (Kristiansund) fremme følgjande forslag til vedtak:
"UFT ønskjer å gjere målforma i Møre og Romsdal fylkeskommune valfri, både av omsyn til bokmål- og nynorskskrivarar, og til innvandrarane i fylket vårt".

Delegat Jonas Bjørneset (Ørsta) fremma følgjande forslag til vedtak:
"UFT burde gå inn for å halde nynorsk som skriftspråk i Møre og Romsdal sin administrasjon. Nynorsk skal halde fram som administrasjonsspråket i Møre og Romsdal."

Ungdomspanelet trakk sitt forslag til vedtak, og la fram nytt forslag til vedtak:
"1. UFT oppfordrar fylkestinget i Møre og Romsdal til å ta opp saka om målform og råder fylkestinget til å gjere administrasjonsspråket valfritt.
2. UFT vil at UP skal vere med i diskusjonen som ein høyringsinstans i saka".

Etter oppfordring frå UP trakk delegat Inge S. Ulvund (Kristiansund) sitt forslag til vedtak.

62 delegatar med røysterett var til stades.

Votering:

Det vart først votert alternativt mellom forslaget frå Bjørneset og punkt 1 i forslaget frå ungdomspanelet. 31 stemte for Bjørneset sitt forslag og 31 stemte for ungdomspanelet sitt forslag. Forslaget frå ungdomspanelet vart dermed vedtatt med stemmen til leiaren i UP.

Det vart så votert alternativt mellom innstillinga i saka og punkt 1 i forslaget frå UP. Forslaget frå UP vart vedtatt med 38 mot 24 stemmer.

Til slutt vart det votert over punkt 2 i forslaget frå UP. Dette vart vedtatt mot 4 stemmer.

Vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

- UFT oppfordrar fylkestinget i Møre og Romsdal til å ta opp saka om målform og råder fylkestinget til å gjere administrasjonsspråket valfritt.
- UFT vil at UP skal vere med i diskusjonen som ein høyringsinstans i saka.

Møtet vart heva kl 18.30.

Søndag 13.11.11

Møtet vart sett kl 09.00 søndag. Det var 62 med røysterett til stades.

Koordinator Anne Berit Svenkerud Halle orienterte om korleis delegatane skulle fylle ut reiserekningskjemaet og minna om at det må ligge ved kvittering for å få ei utgift refundert.

4-11 Årsrapportar: Ungdomspanelet og Elev- og lærlingombodet

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Ungdomspanelet orienterte om sin aktivitet det siste året.

Elev- og lærlingombod Monica Molvær fortalte om sine oppgåver og om året som har gått, m.a. om prosjekt Gullfisk. Ho opplyste at dersom det er elevråd som ønskjer seg ny gullfisk, så er det berre å ta kontakt med henne.

59 med røysterett til stades i salen.

Votering:
Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

Ungdommens fylkesting tek rapportane til vitande.

12-11 Årets ungdomskommune 2011

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Kvar av dei tre nominerte kommunane fekk 8 minutt til å presentere sin kommune.

Martine Næss Sorthe og Lill-Ann Pettersen presenterte Gjemnes kommune.
Mathias Dybvik og Mari Paulsen Dalsbø presenterte Herøy kommune.
Sjur August Waagbø og Solveig Buvik presenterte Molde kommune.

62 med røysterett til stades.

Votering:
Herøy fekk 45 stemmer, Molde 10 stemmer og Gjemnes 7 stemmer

Vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

Ungdommens fylkesting utpeikar Herøy til årets ungdomskommune 2011.

3-11 Kva framtid ønskjer du deg for Møre og Romsdal?

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Redaksjonskomiteen delte ut forslag til høyringsuttale.

Delegat Beata Farstad (Haram) fremma følgjande tilleggsforslag:
Under punktet om busetting leggje til: "Tryggleik der du bur, dvs. meir politi, sikre vegar og sikring av fjellvegar."

62 med røysterett til stades.

Votering:

Tilleggsforslaget frå Farstad vart samrøystes vedtatt.

Heile forslaget frå redaksjonskomiteen med tilleggsforslaget vart samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

1. Beskriv kort draumesamfunnet til UFT

Stikkord for draumesamfunnet Møre og Romsdal om 8-12 år:

- Fortsette å vere best på kystnæringane.
 - Tilretteleggje for å få fleire kvinner inn i primær- og sekundærnæringane.
- Godt helsetilbod for alle.
 - Alle blir ivaretatt.
 - Helsesektoren er ein arbeidsplass for både menn og kvinner.
- Busetting
 - Dei aller fleste som flytter ut, flytter tilbake etter endt utdanning.
 - Så gode utdanningstilbod at få vil flytte ut for å ta utdanning.
 - Infrastruktur som tillet pendling og busetting i distrikta.
 - Enkelt å skaffe bustad.
 - Tryggleik der du bur, dvs. meir politi, sikre vegar og sikring av fjellveggar.
- Kultur
 - Fritidstilbod for alle, spesielt uorganisert ungdom.
 - Varierte kulturtilbod i heile fylket.
 - Har gode møteplassar.
- Næring
 - Styrka gründersatsing.
 - Fleire arbeidsplassar for dei med høg utdanning.
 - Høgteknologiske bedrifter.
 - Mykje forskning.
 - Oppretthaldd /auka fagleg kompetanse i dei lokale næringane.
- Utdanning
 - Muligheiter for å ta høgare utdanning i fylket.
 - Møre universitet
 - Campus der høgskolane ligg i dag.
 - Byggje vidare på dei spesialiseringane høgskolane har, som t.d. logistikk i Molde, maritim næring i Ålesund, media- og lærarutdanning i Ørsta / Volda.
 - Tilnærma null fråfall i vidaregåande skole.
 - Dei aller fleste vel "riktig" utdanning på første forsøk.
 - Flinke og motiverande lærarar.

2. Dei mest sentrale utfordringane for Møre og Romsdal

UFT ser at ei av dei største utfordringane fylket har, er å få ungdom som har flytta ut av fylket for å studere til å flytte tilbake etter endt utdanning. Ungdom flyttar ut fordi dei ikkje har tilbod om den utdanninga dei vil ha her i fylket. Utfordringa vil derfor vere å få attraktive studieretningar på høgare utdanningsnivå.

Helsesektoren er ei anna viktig utfordring. Å ha ein god helsesektor skapar tryggleik i samfunnet, og er med på å oppretthalde busettinga i distrikta. UFT ønskjer også at vi får eit høgare nivå innan forskning og behandling på dei lokale sjukehusa. Utfordringa her blir å skape eit prestasjonsmiljø som trekk til seg gode legar og studentar.

Den tredje utfordringa vi nemner, er infrastrukturen. For at vi skal klare å oppretthalde busettinga og aktiviteten i distrikta, må det vere enkelt å forflytte seg i fylket. Fastlandssamband er eit av fleire føreslåtte tiltak for å gjere dette. Næringslivet vil også ha store fordelar med ein infrastruktur som ikkje krev fleire timars venting på ei ferjekai. Kollektivtransporten vil då bli meir fleksibel, noko som igjen kan føre til større bruk.

3. Korleis stemmer RPS 2013-2016 med det UFT ønskjer?

UFT meiner at framlegget til ny regional planstrategi dekker det meste av det ungdommane i fylket ønskjer seg dei neste åra. Det som derimot manglar, er utvikling av utdanningsmulighetene som eit eiga satsingsområde.

UFT vil at høgskolane skal tilby studiar som tilfredstillar både ungdommanes ønskjer og næringslivets behov.

I gruppeoppgåva kom det fram at størsteparten av UFT er positive til eit eige Møre Universitet. Det er viktig for ungdommen at universitet er lokalisert med campus over heile fylket, og at studieretningane som tilbys skal vere på landstoppen mtp kvalitet og attraktivitet.

4. Delplanar UFT ser som særleg viktige.

UFT meiner at Regional delplan for kystsona er viktig, da vi ønskjer ei sterk maritim næring. Regional delplan for senterstruktur blir også viktig, fordi UFT vil ha eit fortsatt desentralisert fylke. I tillegg er den overordna planen Regional plan 2013-2016 viktig.

5. Korleis skal ungdommen vere ein del av arbeidet med regionale planar?

UFT ber om at Ungdomspanelet blir invitert som ein høyringsinstans for arbeidet med dei aktuelle planane nemnt over.

6. Er nokre av planane viktige i samband med ungdomsmedverknad?

Ingen av delplanane er direkte relevante for ungdomsmedverking slik UFT ser saka. I den Regionale plana er det likevel viktig at dei innspela UFT har kome med her, blir tatt med både i administrasjonens arbeid og når saka skal behandlas politisk.

10-11 Kulturrabatt - rabatt på kulturopplevingar for ungdom

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Delegat Sjur Waagbø (Molde) fremma følgjande tilleggsforslag:
"UP skal jobbe med å få utvida kulturrabatten til å gjelde frå ein er 13 år".

Votering:

Tilleggsforslaget samrøystes vedtatt.

Heile uttalen vart deretter samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

Ungdommens fylkesting ber administrasjonen i fylkeskommunen om å sjå på muligheiter for å utvide kulturrabattordninga til også å gjelde Bygdekinoen. Ungdommens fylkesting ønskjer at ordninga med kulturrabatt også skal vidareførast etter at prosjektperioden er over, og at ein stadig jobbar for å gjere ordninga betre og meir kjend blant anna gjennom auka marknadsføring.

UP skal jobbe med å få utvida kulturrabatten til å gjelde frå ein er 13 år.

11-11 Handlingsprogram for Ungdomspanelet

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Delegat Inge S. Ulvund (Kristiansund) fremma følgjande tilleggsforslag:
"UFT ønskjer at UP ska jobbe med å implementere "Ny giv"-programmet i alle kommunar som har både ein ungdomsskole og/eller ein vidaregåande skole."

Koordinator Anne Berit Svenkerud Halle fekk komme med ei saksopplysning. Ny giv er ei statleg satsing som skal vere implementert i alle kommunar innan utgangen av 2013.

Ulvund trakk sitt tilleggsforslag.

Votering:

Redaksjonskomiteens forslag til handlingsplan vart samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

Planarbeid

Det er viktig at alt arbeid i Ungdomspanelet blir knytt opp mot regional planstrategi og andre delplanar, og at vi blir tatt med som ein høyringsinstans i dei sakene som angår ungdommen i Møre og Romsdal.

Samferdsel

Ungdomspanelet skal arbeide med å prøve å få innført eit nasjonalt ungdomskort som kan brukast på tvers av fylkesgrensene. Denne saka skal også fremmast gjennom arbeidet med Nasjonalt ungdomspanel og Ungdommens nasjonalforsamling.

Fortsette arbeidet med «Trygt heim for ein 50-lapp»-prosjektet. Sørge for å få ei ny reklamekampanje.

Ungdomspanelet skal jobbe for at skoleskyssen i fylket skal bli tilpassa elevane sine behov ved ordinær skolestart og slutt.

Ungdomspanelet skal også jobbe for at lærlingar i fylket skal få rabatt på kollektivtransport på lik linje med studentar i opplæring. Vi ønskjer også at det skal bli jobba for å innføre barnebillett opp til 18 år.

Ungdomsdemokrati

Ungdomspanelet skal fortsette arbeidet med å få innført eit reelt medverknadsorgan på nasjonalt nivå. Med dette meiner vi Ungdommens nasjonalforsamling og Nasjonalt ungdomspanel.

Ungdomspanelet skal fortsette arbeidet med å sørge for supre og godt fungerande ungdomsråd i alle kommunar i fylket.

Utdanning

Ungdomspanelet skal jobbe for å gjennomføre holdningskapande arbeid i vidaregåande skole, f.eks MOT.

Ungdomspanelet skal jobbe for å få ned fråfallet i vidaregåande opplæring.

Oppfølging av UFT11 vedtak

Ungdomspanelet må følgje opp alle vedtak frå Ungdommens fylkesting 2011.

Andre saker

Ungdomspanelet skal jobbe for at Møre og Romsdal blir eit Fairtrade-fylke.

13-11 Val av ungdomspanel 2011

Behandling i Ungdommens fylkesting:

64 med røysterett til stades.

Valkomiteen gjorde greie for si innstilling.

Votering:

Valkomiteens innstilling på Janne-Katrin Hansen-Sævik som leiar i UP vart samrøystes vedtatt.

Valkomiteens innstilling på Daniel Haavardsen Bråttvik som nestleiar i UP vart samrøystes vedtatt.

Behandling medlemer:

Delegat Jonas Bjørneset (Ørsta) fremma seg sjølv som kandidat til medlemsplass 1, 2, 3 og 4.

Delegat Inge S. Ulvund (Kristiansund) fremma seg sjølv som kandidat til medlemsplass 4 og 5.

Delegat Georg Michaelis (Vestnes) fremma seg sjølv som kandidat til medlemsplass 3 og 4.

Janne-Katrin Hansen-Sævik (UP) fremma forslag om Stine E. Hellesfjord som kandidat til medlemsplass 4.

Delegat Marcus Svenning (Smøla) fremma forslag om Georg Michaelis som kandidat til medlemsplass 5.

Skriftleg votering:

Medlem 1: Det vart votert mellom valkomiteens innstilling Elin Anita Kvisvik (Halsa) og Jonas Bjørneset (Ørsta). Kvisvik vart valt for 2 år.

Medlem 2: Det vart votert mellom valkomiteens innstilling Marcus Svenning (Smøla), og Jonas Bjørneset (Ørsta). Svenning vart valt for 2 år.

Medlem 3: Det vart først votert mellom valkomiteens innstilling Åse Kristin Ask Bakke (Sandøy), Jonas Bjørneset (Ørsta) og Georg Michaelis (Vestnes). Deretter

vart det votert mellom Åse Kristin Ask Bakke og Georg Michaelis. Åse Kristin Ask Bakke vart valt for 2 år.

Medlem 4: Det vart først votert mellom valkomiteens innstilling Ramona Breivik (Ørskog), Inge S. Ulvund (Kristiansund), Jonas Bjørneset (Ørsta), Georg Michaelis (Vestnes) og Stine E. Hellesfjord (UP). Deretter vart det votert mellom Ramona Breivik, Inge S. Ulvund, Georg Michaelis og Stine E. Hellesfjord. Det vart så votert mellom Ramona Breivik, Georg Michaelis og Stine E. Hellesfjord. Siste voteringsrunde stod det mellom Ramona Breivik og Georg Michaelis. Ramona Breivik vart valt for to år.

Delegatane Beata Farstad (Haram) og Astrid W. E. Hoem (Kristiansund) fekk permisjon. 62 med røysterett til stades.

Medlem 5: Det vart først votert mellom valkomiteens innstilling Knut Gjendem Fjørtoft (Fræna), Inge S. Ulvund (Kristiansund) og Georg Michaelis (Vestnes). Deretter vart det votert mellom Knut Gjendem Fjørtoft og Georg Michaelis. Georg Michaelis vart valt for eitt år.

5 delegatar frå Nordmøre samt delegatane frå Rauma fekk permisjon. 55 røysteføre til stades.

Behandling varamedlemer:

Ordstyrarane foreslo og fekk godkjenning for å gjennomføre val av varamedlemene blokkvis.

Valkomiteens innstilling:

Torgeir Vestre
Sondre Digernes
Solveig B. Sønderland
Knut G. Fjørtoft
Mari P. Dalsbø

Asgeir S. Hustad (UP) fremma følgjande forslag:

Grethe Ranheim
Torgeir Vestre
Sondre Digernes
Solveig B. Sønderland
Knut G. Fjørtoft

Delegaten Lene Flataker (Ørsta) fremma følgjande forslag:

Karoline Jørgensen
Sondre Digernes
Lene Mo Flataker
Knut G. Fjørtoft
Mari P. Dalsbø

Delegaten Jonas Bjørneset (Ørsta) fremma følgjande forslag:

Torgeir Vestre
Sondre Digernes
Solveig B. Sønderland
Jonas Bjørneset
Mari P. Dalsbø

Delegaten Inge S. Ulvund (Kristiansund) fremma følgjande forslag:

Torgeir Vestre

Sondre Digernes
Solveig B. Sønderland
Inge S. Ulvund
Mari P. Dalsbø

Grethe Ranheim (UP) fremma følgjande forslag:

Torgeir Vestre
Grethe Ranheim
Sondre Digernes
Solveig B. Sønderland
Knut G. Fjørtoft

Skriftleg votering:

Først vart det votert mellom alle dei 6 forslaga. Deretter vart det votert mellom blokk 1 og 2. Blokk 1 fekk flest stemmer, og med det vart desse valt:

1. Torgeir Vestre
2. Sondre Digernes
3. Solveig B. Sønderland
4. Knut G. Fjørtoft
5. Mari P. Dalsbø

Vedtak i Ungdommens fylkeesting - 11.11.2011

UFT har valt følgjande til å sitte i ungdomspanelet for 2011-2012:

Leiar : Janne - Katrin Hansen Sævik frå Herøy
Nestleiar: Daniel Haavardsen Bråttvik frå Molde kommune

Medlemer:

Karoline Thu Valderhaug frå Giske kommune (var ikkje på val i 2011)
Asgeir Stavik Hustad frå Molde kommune (var ikkje på val i 2011)
Elin Anita Kvisvik frå Halså kommune
Marcus Svenning frå Smøla kommune
Åse Kristin Ask Bakke frå Sandøy kommune
Ramona Breivik frå Ørskog kommune
Georg Michaelis frå Vestnes kommune

Vararepresentantar:

1. Torgeir Vestre frå Ålesund
2. Sondre Digernes frå Giske
3. Solveig B. Sønderland frå Molde
4. Knut Gjendem Fjørtoft frå Fræna
5. Mari Paulsen Dalsbø frå Herøy

9-11 Økonomiplan 2012-2015 med budsjett for 2012

Behandling i Ungdommens fylkeesting:

Møteleiarane fremma følgjane forslag om behandling av dei sakene som UFT ikkje rakk å behandle i møte:

UFT 9/11 – Økonomiplanen 2012-2016
UFT 14/11 – Hurtigtog Oslo-Ålesund
UFT 15/11 – Fagskoletilbodet i Møre og Romsdal
UFT 17/11 – Rutebuss gjennom Halså

Sakene blir oversendt ungdomspanelet for vidare behandling.

Ungdommens fylkesting(UFT) ber ungdomspanelet (UP) leggje til rette for ein brei høyringsrunde på dei ubehandla sakene, spesielt er høyringar frå kommunane viktig. UFT oppfordrar alle ungdomsråd til å gje innspel.

Ungdomspanelet's avgjerd om dei ubehandla sakene skal skriftleg meldast til dei kommunale ungdomsråda etter avslutta handsaming.

Innspel på saker må leverast til ungdomspanelet innan 7. desember.

Leiar i redaksjonskomiteen legg fram sakene for ungdomspanelet på samlinga i desember."

Votering:

Forslaget rå ordstyrarane vart samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak i Ungdommens fylkesting - 11.11.2011

UFT 9/11 – Økonomiplanen 2012-2016

UFT 14/11 – Hurtigtog Oslo-Ålesund

UFT 15/11 – Fagskoletilbodet i Møre og Romsdal

UFT 17/11 – Rutebuss gjennom Halså

Sakene blir oversendt ungdomspanelet for vidare behandling.

Ungdommens fylkesting(UFT) ber ungdomspanelet (UP) leggje til rette for ein brei høyringsrunde på dei ubehandla sakene, spesielt er høyringar frå kommunane viktig. UFT oppfordrar alle ungdomsråd til å gje innspel.

Ungdomspanelet's avgjerd om dei ubehandla sakene skal skriftleg meldast til dei kommunale ungdomsråda etter avslutta handsaming.

Innspel på saker må leverast til ungdomspanelet innan 7. desember.

Leiar i redaksjonskomiteen legg fram sakene for ungdomspanelet på samlinga i desember.

14-11 Hurtigtog Oslo-Ålesund

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Sjå behandling av sak 9/11.

15-11 Fagskoletilbodet i Møre og Romsdal

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Sjå behandling av sak 9/11.

17-11 Rutebuss gjennom Halså**Behandling i Ungdommens fylkesting:**

Sjå behandling av sak 9/11.

Møtet heva kl. 14.15

Protokollunderskrivarar:

Julia Grødahl	Arnt Åge Jørgensen